



# VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

Landbruks- og matdepartementet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

TVEANN - 16/665

Arkiv:

V20

Vår dato:

02.02.2016

## Innspel til meldinga om jordbrukspolitikken

Vedlagt følger utskrift frå møte i Vang formannskap vedr. jordbrukspolitikken.

Med helsing

*Anne Kari T. Søndrol*

Anne Kari Tveit Søndrol

Saksbehandlar

Dir. tlf.: 61369410

E-mail: anne-kari.sondrol@vang.kommune.no

Side 1 av 2

# SAKSFRAMLEGG UTVALGSSAK

<b>Behandla av</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksansvarleg</b>
Formannskapet	28.01.2016	004/16	STRARN

<b>ArkivsakID</b>	<b>JournalID</b>	<b>ArkivID</b>	<b>Saksbehandler</b>
16/46	16/361	V20	Arne Straum

## Innspel til meldinga om jordbrukspolitikken

### Saksopplysninger:

Regjeringa er i gang med å skriva ei melding til Stortinget om jordbrukspolitikken. Dette skal vera ei næringspolitisk melding som skal leggja rammer for norsk matproduksjon framover. Spørsmålet som vert behandla i meldinga er korleis matproduksjonen kan aukast, effektiviteten kan styrkjast og korleis konkurransekrafta for jordbruksnæringa kan verta betre.

Landbruks- og matdepartementet er oppteken av at alle relevante aktørar får koma med sine innspel tidleg i prosessen.

Innspelel vert å senda til: [postmottak@lmd.dep.no](mailto:postmottak@lmd.dep.no) innan 1. februar 2016.

### Forslag til vedtak:

Vang formannskap vedtek å senda fylgjande innspel:

Styresmaktene skal leggja betre til rette for at det skal vera lønsamt å driva småskala landbruk i landet slik at det kan produserast mat på all dyrka mark. Dette er òg viktig for å kunna oppretthalda busetnaden i heile landet og oppretthalda eit ope kulturlandskap.

Rovdyrpolitikken skal vera slik at det let seg gjera å ha husdyr på utmarksbeite for på den måten å produsera mat. Det er rom for stor auke i tal på beitedyr i utmarka i Norge.

Kjøtt produsert på husdyr i utmarka er produsert på fôr som både er økologisk og gratis.

For å oppretthalda jordbruksproduksjon i heile landet, skal kravet om oppstalling av storfe i lausdrift frå 1. januar 2024 takast bort.

**Saka vart behandla i Formannskapet 28.01.2016**

### FS-004/16 Vedtak:

Som framlegget med slikt tillegg:

Formannskapet vil understreke at det må bli endå sterkare vektlegging av jordvernomsyn.

Samrøystes.